



Statens vegvesen

«Adresselinje_1»

«Adresselinje_2»

«Adresselinje_3»

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Åshild Slåttå Watn

Vår referanse:
15/201807-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
14.10..2015

Omklassifisering av enkelte fylkesvegar til riksvegar. Innspel frå fylkeskommunane

Samferdsledepartementet gav i brev av 22. mai 2015 Statens vegvesen i oppdrag å vurdere om enkelte vegar – ut frå gjeldande kriterium – bør omklassifiserast fordi dei har fått endra betydning i transportsystemet. Sjå vedlegg.

Departementet utvida den 1. september 2015 oppdraget med utgangspunkt i Stortinget sin merknad i Innst. S 333 (2014-2015) ved handsaming av Meld. St. 14 (2014-2015) «Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner».

.Av Stortinget sin fleirtallsmerknad til kap. 6 i meldinga om regionalt nivå går det fram at det skal leggjast fram ei stortingsmelding våren 2016 med gjennomgang og forslag knytt til nytt regionalt nivå. Blant anna skal det følgje ei *"vurdering av fylkesvegene etter forvaltningsreformen fra 2010. Større veger med sterke næringsinteresser kan vurderes overført til staten som del av denne vurderingen"*.

Samferdselsdepartementet seier i samband med det: *«Vi ser det som hensiktsmessig at oppfølging av flertallets merknad ses i sammenheng med arbeidet med grunnlagsmaterialet etatene utarbeider. Vi ber derfor om at denne merknaden fra Stortinget også inkluderes i gjennomgangen av fylkesvegene i planarbeidet.»*

Statens vegvesen Region vest har fått i oppdrag frå Vegdirektoratet og kontakte fylkeskommunane i regionen for å skaffe dei opplysningane som er naudsynlege i dette arbeidet. Region vest vil deretter stille saman innspela og sende dei over til vegdirektoratet.

Vi ber derfor om:

- 1) Ei kort generell vurdering av om utviklinga slik den er omtala i brevet frå Samferdsledepartementet, gjev grunnlag for endring i klassifiseringa som vart gjort i 2010, eventuelt endring i ansvaret for ferjesamband
- 2) At fylkeskommunen legg fram følgjande dersom den meiner det er grunnlag for endra klassifisering og eventuell endring av ansvar for ferjesamband:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

- a) Grunngeve innspel til endra klassifisering ut frå kriteria som vart lagde til grunn for kva som skulle vere riksveg ved omklassifiseringa i 2010
- b) Grunngeve innspel til eventuelt endra ansvar for ferjesamband
- 3) Innspel til kva større vegar med sterke næringsinteresser som eventuelt bør vurderast overført til staten

Under punkt 2) og 3) bør fylkeskommunen kort gjere greie for kvifor ein meiner at den (dei) aktuelle vegen (vegane) bør vere statleg ansvar og ikkje ein del av fylkeskommunen sitt heilskaplege ansvar for regional utvikling.

Dei respektive vegavdelingane i regionen vil på vanleg måte kunne stå til rådvelde for fylkeskommunane for å hjelpe til med å svare på desse spørsmåla.

Vi ber om at innspelet vert send til:

Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Innan 15. november 2015.

Det vert lagt opp til eit møte mellom vegdirektøren og alle fylkeskommunane for å presentere og drøfte dei samanstilte innspela frå fylkeskommunane og Oslo kommune i veke 48/49 (23/11 – 4/12).

Styring- og strategistaben
Med helsing

Tone Oppedal
avdelingsdirektør

Åshild Slåttå Watn

2 vedlegg

Rogaland fylkeskommune; Postboks 130 sentrum; 4001 STAVANGER;
Hordaland fylkeskommune; postboks 7900; 5020 BERGEN;
Sogn og Fjordane fylkeskommune; Askedalen 2; 6863 LEIKANGER;